

MENNINGER

Ein liten nyttårstale på nyåret

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan underbygges med helt spesielle behov for å være anonyme. Du kan også lese mening-innleggene på nettsiden under www.hamardagblad.no. **SKRIV KORT.** Innlegg som er kortere enn 280 ord slipper først fram i køen. Alle innlegg må leveres som e-post til mening@hamardagblad.no eller SMS til 2097 kodeord HD.

Godt nyttår! Har du planar for nyåret eller det nye året? Norsk kan vere eit utfordrande språk. Korfor kan ein skrive både "nyttår" og "nyår", men ikkje "nyeår"? Dette er ikkje lett – og enda "verre" er det jo at nyttår og nyår ikkje nødvendigvis tyder det same for folk flest. Dei fleste skriv t.d. vanlegvis "godt nyttår", men ikkje "godt nyår". (Nynorskordboka har ikkje eit like skarpt skilje mellom "nyttår" og "nyår"). Nokre av oss kan derimot seie vi møtest på nyåret eller eventuelt på nyttåret.

Både "nyttår" og "nyår" er i utgangspunktet såkalla samansettingar, dvs. det er to ord, eit adjektiv og eit substantiv, som blir sett saman til eit. I staden for "godt nyttår" kan ein òg skrive "godt nytt år". Dei fleste vil truleg likevel meine at "godt nyttår" og "godt nytt år" har litt ulik tyding. "Godt nyttår" refererer først og fremst til overgangen mellom dei gamle året og det nye, og "nyttår" er for mange når nyttårsstafan er over og nokre dagar eller kanskje veker inn i det nye året; det er altså sjølvje årsskifter. Så når ein skriv "godt jul og godt nyttår", ønsker ein at sjølve juleida og overgangen til det nye året skal bli god. Men når ein ønsker "godt jul og eit godt nytt år", utvidar ein ønsket til å gjelde heile det nye året.

Kanskje det kan vere ein måte å rangere venner og familie etter?

Ein kan helse eller ønske "godt nyttår" ei veke eller to i januar, men så brytar denne lykkesønskinga så snart å gå ut på dato. Ein kan derimot godt planlegge å ha møte og arrangement litt lenger ut på nyåret og med dette meine tidspunkt i februar og kanskje til og med mars. Dersom ein har full kalender og vil heilgardere seg, kan ein seie at ein møtest i det nye året, og då har ein formelt sett sitt på det tørre om ein ikkje får til noko møte før i desember.

Reint grammatisk sett vil ein kunne seie at "godt nyttår" er feil! "Feil" i denne samanhengen tyder då at ordet "nyttår" bryt med reglane for samansetting av ord i norsk. Vi har vanlegvis ikkje bøyging i den første delen i ei samansetting. Vi flyttar t.d. til nyhuset og ikkje til nytt-huset. Så i motsetning til ordet "nyår" som er ei ekte og regelrett samansetting, er "nyttår" ei uekte samansetting, reint formelt.

Der finst ei rekke uttrykk som blir formaliserte og som alltid opptrer i bestemte samanhengar, slik at dei etter kvart blir lekstilskilte og oppfatta som faste einingar. Å

ønske eit godt nytt år mista etter kvart den konkrete tydinga og blei til eit fast uttrykk "godt nyttår", gjerne utan artikkelen "ei".

Dersom ein må lære norsk som andrespråk, er det nok sikrast å lære seg regelen for samansetting av ord, der vi altså aldri har bøyging inne i ord, og så kan ein prøve å lære seg unntaka frå regelen. Vi har t.d. gjerne vald mellom varmt vatn og kaldt vatn når vi skal bruke ei vasskran. Dette er systematisk bruk og bunde til bestemte situasjonar, og derfor kan vi seie/skrive både "varmtvatn" og "varmvatn" og "kaldtvann" og "kaldtvann". Når vi derimot ikkje har verken "kaldøl" eller "kaldtøl" som samansette ord, er nok grunnen rett og slett at ein vanlegvis ikkje drikk varmt öl, og at ein ikkje har behov for å lage eit slikt ord i kontrast til t.d. "varmøl".

Så her på nyåret har vi lært noko nytt om ny og nytt, og for nokon er det kanskje nytt på nytt. Eg ønsker lesarane eit godt nytt språkår.

JENS HAUGAN

Førsteamanuensis i norsk Høgskolen i Hedmark

Hedmark Trafikk – nok et overtramp

Hedmark Trafikk har nok en gang klart det, med fylkeskommunens velsignelse, virker det som, å trampe funksjonshemmede enda lenger ned i sosial isolasjon.

Førstraserte de IT-ordningen, den saken er det stor enighet om blant befolkningen.

Nå har de totaltraset mange funksjonshemmedes mulighet til å benytte seg av kollektivtransporten i Hamar.

Hvor blir det av vannet vårt?

Sommeren 2010 var den 4. våreste siden nedbørmålingene tok til (Kilde NRK 1.) Men allerede før kulden setter inn er det ekstremt lite vann igjen i magasinene. Hva har skjedd? Har myndighetene solgt all denne vannkraften til utlandet? Er redd for at svaret er ja. For det finnes vel ikke noe annet mulig svar?

Hvorfor selger myndighetene utna strømmen som vi trenger så snart når det slår til med sterk vind? For å sikre mot et

men den som er igjen. Den reelle koshad for produksjon av vannkraft ligger på ca. 5 øre pr. kWh. Dette skal man så selge til forbrukerne for opp til kr 2,00 pr. kWh. Dette er da virkelig ganske umoralsk? Og hva gjør politikkerne? Ingenting. Altså er de såre fornøyd med at det foregår en til de grader umoralsk affære. For staten er jo situasjon spesielt fornøydlig. Jo høyere strømprisen blir, jo mer tar de inn på nyva. Blir det svært kaldt

Det eneste målet er størst mulig profitt. Befolkningen vokser og levestandarden øker.